



Til

Kommunane i Rogaland
Rogaland svømmekrets

Kontakt saksbehandlar

Bjørg Karin Gilje Hetland, 51 56 87 42

Utlysing av midlar til symjeopplæring for barn i barnehagar 2022

Statsforvaltaren i Rogaland lyser med dette ut midlar til symjeopplæring for barn i barnehagar. Kommunar, barnehagar og frivillige organisasjonar som ønskjer å drive symjeopplæring i barnehage, kan no søkje Statsforvaltaren om tilskott for 2022. Statsforvaltaren har fått tildelt kr 7 059 000 som skal nyttast til formålet. Dette betyr at 3620 barn i Rogaland kan få symjeopplæring i 2022.

Tilskottssatsen er fastsett av Utdanningsdirektoratet, og satsen i 2022 er kr 1 950 per barn. Delar av tilskottet kan også nyttast til transport, symjeutstyr som våtdrakt, symjebrett og anna.

Tilskottsmottakarane vel sjølv korleis dei skal organisere og gjennomføre opplæringa innanfor rammene for tilskotet. Kommunar, barnehagar og frivillige organisasjonar må sjølv dekkje kostnader ut over tilskotet.

Søknader som beskriv samarbeid mellom kommunar og frivillige organisasjonar skal prioriterast. Kommunar kan også samarbeide om symjeopplæring.

Mål for opplæringa

Målet er å gi barn betre symjeferdigheiter. Tilskottet skal bidra til at kommunar, barnehagar og frivillige organisasjonar kan gjennomføre tiltak for å gi barn i barnehage tilstrekkeleg symjeopplæring slik at barna blir trygge i vatn.

Målgruppe

Barn i kommunale og ikkje-kommunale barnehagar i alderen 4-6 år busette i Rogaland.

Vilkår for tilskot

- Symjeopplæringa skal skje i barnehagen si opningstid og i hovudsak i basseng. Det er òg mogleg å ha symjeopplæring i vatn/sjø.
- Heile tilskotet skal nyttast til aktivitetar relaterte til symjeopplæring av barna.
- Gutar og jenter skal få eit likeverdig tilbod.
- Ein kan ikkje nytta tildelte midlar til andre barn enn dei det er søkt for utan at dette er avtalt med Statsforvaltaren.



E-postadresse:	Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon: 51 56 87 00
sfropost@statsforvalteren.no	Postboks 59	Lagårdsveien 44	www.statsforvalteren.no/ro
Sikker melding:	4001 Stavanger		
www.statsforvalteren.no/melding			Org.nr. 974 763 230

Side: 2/2

- Barnehagar må sikre at dei ikkje har avtale med fleire enn ein symjeklubb når det gjeld søknad om midlar.
- Ein kan søkje om tilskot for eit kalenderår om gongen.
- Dei som har fått midlar overførte frå 2021 til 2022 må levere rapport før Statsforvaltaren kan tildele nye midlar.

Søknadsfrist

Søknadsfristen er 1. august 2022.

Frå 2022 tek Statsforvaltaren i bruk det nasjonale digitale [søknadsskjemaet](#).

Behandling av søknader

Dette året vil vi behandle søknadane fortløpande. Statstilskottet har dei siste åra vore romsleg og alle som har søkt innan fristen har fått tildelt midlar.

På grunn av koronapandemien har fleire barnehagar og symjeklubar fått overført midlar frå 2021 til 2022. Desse må levere ny rapport for gjennomføring før Statsforvaltaren kan tildele nye midlar.

Midlane blir utbetalte kort tid etter at vedtak om tilskot er fatta. Vi oppmodar alle til å søkje snarleg og i god tid før søknadsfristen. Søknader som er for seint innkomne vil ikkje bli behandla.

Rapportering

Tilskottsmottakarane skal innan 1. desember 2022 rapportere til Statsforvaltaren om bruk av midlane i det nasjonale digitale [rapporterings skjemaet](#).

Tilskottsmottakarar må orientere seg om kva som skal rapporterast.

I kolonnen «Antall barn totalt» skal ein føre opp talet på barn som har gjennomført symjeopplæringa.

I kolonnen «Beskrivelse av opplæringa» ber vi at det mellom anna vert opplyst kor mange timar symjeopplæring barna har fått.

Med helsing

Hallgeir Bø
ass. utdanningsdirektør

Bjørg Karin Gilje Hetland
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent